



Forvaltningsplan for hjort i Bømlo kommune

2014

Utarbeid av Krister Seljeset 2014

Innhold

Innleiing	4
Grunnlaget for hjort på Bømlo	5
Fordeling av arealressursar	6
Areal nytta til jakt	6
Registrering av hjort på Bømlo.....	7
Avskytningshistorikk på Bømlo	9
Utvikling av vekter	12
Mål for hjorteforvaltning på Bømlo	14
Bibliografi	15

Innleiing

5. februar 2012 innførte Direktoratet for naturforvaltning nye krav om kommunale mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr. Forskrift om forvaltning av hjortevilt seier (§3) at: *«kommunene skal vedta målsettinger for utviklingen av bestandene av elg, hjort og rådyr der det er åpnet for jakt på artene.»*

Bømlo kommune har i dag ein forvaltningsplan for hjort som vart vedteken i 2007. Frå 2007 til 2011 var det ei auke i avskyting av hjort på Bømlo. I 2012 og 2013 var det to år med nedgong i avskytinga, tal skotne hjort i 2013 var om lag det same som i 2007 (135 i 2013 mot 134 i 2007). I toppåret 2011 vart det skote 164 hjortar på Bømlo, nedgangen dei to føregåande åra er ikkje dramatisk, men likevel av betydning. Det er og signal frå større delar av Hordaland at hjortebestanden har stabilisert seg eller er noko i nedgong. Det passar slik godt med ein ny forvaltningsplan for hjort, då det kan vere meir utfordrande å forvalte ein hjortebestand på eit bestemt nivå eller ein bestand i nedgong i forhold til ein hjortebestand i vekst.

Dagens hjorteviltbestandar utgjer viktige og store ressursar både som grunnlag for rekreasjon gjennom jakt, andre naturopplevingar og som kjøtprodusentar. Desse ressursane gjev fleire stadar etterkvart grunnlag for næringsmessig utnytting. Mange jegerar og grunneigarar ynskjer difor å ha tette hjorteviltbestandar.

Samstundes påverkar hjorteviltet andre næringsinteresser som jord, skog og hagebruk der beiteskader av hjortevilt kan medføre økonomisk tap av betydeleg omfang. Hjorteviltbestandane påverkar og andre samfunnsinteresser, mellom anna samferdsle der kollisjonar mellom køyrety fleire stader er eit problem (Hjorteviltportalen, 2014). Kollisjonar er heldigvis eit lite problem på Bømlo.

§ 1 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt seier : *«Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.»*

Kommunane har ansvar for å ta omsyn til ei rekkje interesser når dei gjennom dei kommunale måla skal legge føringar for hjortviltforvaltninga. Kommunane pliktar å innhente relevant kunnskap om desse forholda på lik linje med andre forvaltningsområder i samfunnet.

Det kommunale målet skal seie korleis ein ønskjer at utviklinga i den lokale hjorteviltbetanden skal vere. Dette skal skje ut frå ei vurdering av dei ulike interessene som skal ivaretakast, og eventuelle konflikhtar mellom desse og hjorteviltbestandane.

Forvaltninga av hjort skal i hovudsak gjerast gjennom bestandsplanar. Det kommunale målet vil då vere eit viktig grunnlag for utarbeiding og godkjenning av desse planane. Forvaltningsmåla som skal vere på eit overordna nivå må utan å verte detaljstyrande for bestandsplanane likevel sjå til skilnader mellom bestandstettleik og arealbrukskonflikhtar i ulike delar av kommunen. (Hjorteviltportalen, 2014)

Grunnlaget for hjort på Bømlo

Bømlo kommune er ei øykommune lengst vest i havet, totalarealet på kommunen er 246 km², men med ein svært oppdelt landstruktur og massevis av småøyar. Totalt landareal på Bømlo er 234 954 daa (235 km²). (Norsk institutt for skog og landskap, 2013)

Landskapet på Bømlo er svært variert, yst mot havet er naturen prega av mykje vind med eit svært kupert landskap og sparsamt med vegetasjon. Kontrasten er då stor til dei lunare plassane lengre aust på øya der skogen kan stå tett og frodig.

På Bømlo er det mange som er knytt til primærnæringane, både landbruk og fiske er nært for Bømlingen. I 2014 er det på Bømlo fleire som er heiltidsansatt i fiskerinæringar enn landbruket, berre Bremnes Seashore åleine hadde i 2013 om lag 250 ansette (Bremnes seashore. Pers. med.). For landbruket sin del er det vanskeleg å finne konkrete tal på tal årsverk, då mykje av innsatsen som vert lagt ned i denne næringa ikkje vert registrert. Litt tal på kor mange dyr og føretak som er involvert i landbruket gir likevel ei viss formeining om omfanget av landbruket. Pr. 01.01.2014 var det 7 føretak som dreiv med mjølkeproduksjon, desse hadde til saman 150 mjølkekyr. Det var 7 søkjarar med ammekyr spesialisert for kjøttproduksjon, totalt hadde dei 32 vaksne ammekyr. Det var 18 føretak som hadde andre storfe, dette er normalt ungdyr som vert fôra opp til slakt eller, totalt disponerte desse føretaka 394 dyr (Statens landbruksforvaltning, 2014). Saueproduksjon er den vanlegaste landbruksdrifta på Bømlo, pr. 01.01.2014 var det registrert 73 føretak med totalt 3386 vaksne sau, i tillegg var det 9 føretak med 431 utegangarsau (Statens landbruksforvaltning, 2014). Det er få saueprodusentar som har hovudinntekta si frå garden, innsatsen saueprodusentane gjer for å halde landskapet på Bømlo ope er likevel betydeleg. Beiting er viktig for å halde vegetasjon nede og unngå attgroing.

Ein av grunnane til at sauehald er den vanlegaste landbruksforma på Bømlo er at sau kan utnytte beiteressursen i betre grad enn storfe. Det kupert og ujamne landskapet gjer at det er få samanhengande flater som er eigna til dyrking av gras. Som ein følgje av dette er det som finst av dyrka mark for det meste relativt små teigar. I dei største hjorteområda i Norge er dyrka mark ein viktig del av næringsopptaket til hjorten, spesielt dyrka mark i drift. Totalt var det 4288 daa med dyrka mark i drift på Bømlo pr. 31.07.2013, då er både fulldyrka og overflatedyrka jord medrekna (Statens Landbruksforvaltning, 2014). I følgje Norsk institutt for skog og landskap (Skog og Landskap) er det på Bømlo totalt 6056 daa dyrka areal på Bømlo, dette utgjer 2,6 % av landarealet (Statens Landbruksforvaltning, 2014). Det betyr at det er 1768 daa med dyrka jord som ikkje er registrert i drift på Bømlo, normalt vil slik dyrka mark være mindre attraktivt for hjorten enn dyrka jord i drift fordi det er areal som er i ferd med å gro til og dei mest populære beiteartane er i ferd med å bli utkonkurrerte.

Attgroing er ein trussel mot dei mest populære gras og urte-artane, landbruket er difor og viktig for hjorten. Normalt er storfeprodusentar mellom dei som driv landbruksjord på ein optimal måte, då med tanke på gjødsling og fornying av jorda med jamne mellomrom. Slik blir graset halde friskt og godt og gir gode avlingar. Dyrka mark er på nokre tider av året, spesielt vår og tidlig førsommar, svært viktig for hjorten (Meisingset, 2003). På godt stelt dyrka mark kan det då være store samlingar av hjort. Dyrka mark med ein alder opp til 3 år er mest populært blant hjorten, spesielt koller føretrekkjer nyleg dyrka mark (Skjærli, 2012). Desse oppsamlingane av hjort på dyrka mark kan i

nokre høve være av ein slik art at bonden som driv jorda si godt verte påført avlingsskader og kan slik verte økonomisk skadelidande av ein stor hjortebestand.

Fordeling av arealressursar

Det totale landarealet på Bømlo er på 235 km², dette tilsvarer om lag 235 000 daa. Ifølgje Skog og landskap er 25,6 % av landarealet på Bømlo registrert som produktiv skog, heile 51,4 % av arealet på Bømlo er klassifisert som open skrin fastmark. For jaktseasonen 2013 vart det søkt om fellingsløyver for eit areal på til saman 174 793 daa, dette betyr om lag 74,4 % av landarealet vert nytta når jegerane søkjer om fellingsløyver på hjort. På Bømlo har det dei siste åra vore eit minsteareal på 1200 daa pr. tildelt fellingsløyve for hjort.

Areal nytta til jakt

På Bømlo var det 35 vald som søkte om fellingsløyver for hjort i 2013. Gjennomsnittleg storleik for desse valda var 4 816 daa, det vil sei at eit gjennomsnittleg jaktvald har minsteareal som tilsvarer 4 fellingsløyver på hjort. Finnås grunneigarlag er med god margin det største valdet (38 004 daa), og det einaste valdet med godkjend bestandsplan (pr.2014).

Referat frå den gamle viltnemnda viser at minstearealet for tildeling av fellingsløyver på hjort har variert noko opp gjennom åra. I 1968 vart minstearealet sett til 800 daa, etter å ha vore på 1500 daa. I 1969 vart minstearealet auka til 1000 daa. i 1972 vart minstearealet auka til 2000 daa samanhengande skog. I 1974 vart arealet auka til 2500 daa. Fram mot dagens minsteareal på 1200 daa, har det med andre ord gått både opp og ned.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt §9 opnar for å regulere minstearealet med 50% av arealet. Vedtak om fråvik frå minstearealet er eit enkeltvedtak og kan gjerast for særskilte vald og for eit avgrensa tidsrom. Vedtaket skal væregrunngjevast med skilnadar i artens levevilkår i kommunen, bestandens størrelse og utvikling, den skade viltet gjer eller andre ekstraordinære forhold. Dette opnar for at ein i område som er utsett for beiteskade kan gi fleire fellingsløyver enn minstearealet tilseier. Ved tildeling av fellingsløyver for 2013 vart 50%regelen nytta ved tildeling til 24 av valda i større og mindre grad. Som ein konsekvens av dette vart det reelle arealet for eit fellingsløyve i 2013 på 873 daa. Om lag 10 vald har fått løyver der 50% regelen er strekt so langt som mogleg, det vil sei ned mot 600 daa pr. løyve. Over 60% av valda får høve til å nytte 50% regelen, dette eit teikn på at ein bør vurdere minstearealet, og om det er rom for å ha ulikt minsteareal i ulike delar av kommunen.


Registrering av hjort på Bømlo

Registrering og overvaking av hjortebestanden har på Bømlo vore gjort på to måtar, gjennom vårteljing av hjort på vår og gjennom sett-hjort skjema under jakta på hausten.

Vårteljingane på hjort har pågått i mange år på Bømlo. Vårteljingane har blitt gjort kvar vår over ein periode på 10 veker.

Frå 2007 vart det innført registrering sett-hjort-skjema på Bømlo, i starten var dette frivillig. No er dette blitt obligatorisk, alle som jaktar må fylle ut sett-hjort-skjema, dette gjeld og dei dagane ein ikkje ser hjort. Sett-hjort vil etter kvart slik verte eit godt overvaksningsverktøy, då det viser godt kor mange timar som ligg bak kvar felt hjort eller kor mange hjortar jegerane ser pr. felt hjort.

Samanlikning av vårteljingane med sett-hjort skjema frå 2007 til 2013 ser slik ut:




Figur 1 viser tal sett hjort under jakta og talde hjort på våren.

Trekka er dei same for begge teljingane, dette tyder på at begge metodane er med på å registrere svingingar i bestanden. Grunnen til at sett-hjort i jakta har auka forholdsvis meir enn talde hjort på våren er at det vart registrert fleire skjema og slik eit større datagrunnlag for sett-hjort under jakta.


På sikt vil sett-hjort bli eit svært godt verktøy, då det fortel mykje om kva innsats som ligg bak kvart observert eller felte dyr. Pr. dags dato er sett-hjort registreringar nytt for mange jegerar og ein må rekne med ein innkøyringsfase før alle er komfortable med å fylle ut eit slikt skjema.

Vårteljingane fortel mindre om kva innsats som ligg bak kvart observert dyr og e kun dyr som går på innmark vert registrerte. So lenge vårteljinga vert driven på same måte den har vore driven er dette og eit godt verktøy, då det er same områda som vert overvaka på same tidspunkt kvart år. Ein veit og at hjorten nyttar innmark aktivt på denne tida av året. Vårteljing av hjort slik det vert gjort på Bømlo kan difor med fordel halde fram.

Om ein samanliknar vårteljingane med skotne hjort ser ein liten samanheng mellom kva som blir talt på våren og kva som blir skote hausten.




Figur 2 viser talde hjort på våren og tal skotne hjort



Figur 3 viser sett hjort pr jegerdag i jakta og tal skotne hjort pr jegerdag.


Avskytningshistorikk på Bømlo



Som ein ser av figuren over har det vore ein eventyrleg vekst i avskytinga av hjort frå starten på 90-talet og fram til i dag. I 1993 vart det skote 36 hjort i Bømlo kommune, i toppåret 2011 vart det skote 164 hjort, dette gir ein auke på 455% på under 20 år. Om ein reknar denne auken i kilo eller kroner er det betydeleg med verdiar. Om ein reknar ei snittvekt på 50 kg pr. dyr og ein verdi på 75 kr/kg, vil det sei at det i 2011 vart henta ut hjortekjøtt til ein verdi av 480 000 kroner meir en i 1993 (135 000 kr i 1993 og 615 000 kroner i 2011). Dette er ei forsiktige verdsetjing, hjorten med kjøtt og jaktoplevingar bør verdsetjast mykje høgare en 75 kr/kg.

Ein kan legge merkje til at avskytinga på hjort har gått noko tilbake etter toppåret i 2011, etter ein jamn auke frå 2003-2011 gikk tal skotne hjort ned både i 2012 og 2013. Uttaket i 2013 låg framleis på eit veldig høgt nivå historisk sett. Ein må likevel vere observant på at utviklinga går nedover.

På Bømlo er det mykje innvandring av hjort, ein høyrer stadig at det vert observert hjort symjande frå både Fitjar, Stord og Sveio. Det er grunn til å tru att dette er unge hjortar som er på leit etter eigne område å slå seg ned i. Som følgje av ein aukande hjortebestand i tilgrensande område har difor Bømlo hatt ei stabil tilstrøyming av hjort utanfrå.



Figur 4 viser avskytingstal for nokre tilgrensande kommunar til Bømlo frå 2007-2013.

Uttaket av hjort har auka i nabokommunane Stord og Fitjar samstundes som dei har minka på Bømlo. Dette auka uttaket i nabokommunar kan vere direkte årsak til færre skotne hjort på Bømlo. Ein veit at hjorten nyttar store areal gjennom eit år og det er ikkje utenkjeleg at ein på Bømlo, Stord og Fitjar jaktar på mykje av den same hjorten.

Norge største hjortekommune, Kvinnherad, har og hatt eit minkane tal skotne hjort til trass for auka tildelingar og forlenga jakttid. Dette kan tyde på mindre hjort i tidlegare hjorterike område, noko som kan resultere i mindre hjort som trekkjer mot Bømlo.

Om ein samanliknar tal skotne hjort pr. daa produktiv skog på Bømlo med tilgrensande kommunar får ein følgjande tal (Norsk institutt for skog og landskap, 2013) (Hjorteviltregisteret, 2014):

Tabell 1 viser kor mange daa produktiv skog som ligg bak felt hjort i utvalde kommunar i Sunnhordaland, og Hordaland totalt i 2013.

2013	Skotne hjort	Daa produktiv skog	Daa produktiv skog pr skoten hjort
Bømlo	135	60077	445,0
Stord	147	61070	415,4
Fitjar	169	26789	158,5
Sveio	134	90380	674,5
Kvinherad	1036	269474	260,1
Hordaland	7405	2917115	393,9

Som ein kan sjå av tabellen har Bømlo eit moderat uttak om ein samanliknar med Fitjar. Dersom ein ser mot Sveio er det der enda meir skogareal bak kvar felte hjort. Bømlo har eit lågare uttak pr. daa skog enn snittet for fylket og dei to nabokommunane Stord og Fitjar. Fitjar sitt uttak av hjort pr. daa skog er langt under snittet for Hordaland og vitnar om eit høgt uttak av hjort i forhold til produksjonsgrunnlaget. Stord sitt uttak ligg på linje med Bømlo sitt uttak.

Om ein samanliknar skotne hjort med daa. dyrka jord (fulldyrka og overflatedyrka jord) får ein dette resultatet:

Tabell 2 viser kor mange daa dyrka jord som ligg bak kvar felt hjort i utvalde kommunar, og Hordaland totalt i 2013.

2013	Skotne hjort	Daa. dyrka jord	Daa dyrka jord pr. skoten hjort
Bømlo	135	6056	44,9
Stord	147	5670	38,6
Fitjar	169	4931	29,2
Sveio	134	12573	93,8
Kvinherad	1036	23623	22,8
Hordaland	7405	287372	38,8


Dette gir same trekk som oversikten over skogsareal pr. felte dyr. Ei mogleg forklaring på at Fitjar har høgare uttak av hjort pr. daa. skog og innmark kan vere eit meir aktivt landbruk. Det er fleire som driv mjølkeproduksjon på Fitjar en på både Bømlo og Stord, mjølkebønder er tradisjonelt meir aktive i skjøtsel av dyrka mark. Markane vert fornya oftare og graset vert gjødsla godt, dette gjer større avlingar og «betre» gras. Hjorten er selektiv i sitt val av mat og går etter det mest optimale fôret, det er difor ikkje utenkjeleg at hjorten vert trekt mot slike aktive jordbruksmiljø. Dette fører til at Fitjar difor har eit høgare uttak av hjort pr. daa. en ein har på Bømlo.

Ein ser same trekka på Bømlo der ein kan sjå att hovudtyngda av hjort har verte teke ut i Finnås grunneigarlag sitt areal, dette er og det mest aktive landbruksarealet på Bømlo.

Det er no indikasjonar på att hjortestammen er stabilisert eller minkande i nabokommunar, dette kan i åra framover påverke innvandringa av hjort til Bømlo. Om det vert slik at innvandring av hjort vert redusert vil ein måtte redusere uttak av hjort for å sikre rekruttering til komande generasjonar.


Utvikling av vekter

Snittvekter hjort Bømlo 2007-2013



Figur 5 viser gjennomsnittlige slaktevekter for hjort på Bømlo

Snittvekt voksen bukk



Figur 6 viser gjennomsnittlige slaktevekter på hjortebukkar på Bømlo.

Slaktevekter på skoten hjort er ein god indikasjon på helsetilstanden til hjorten. Det er naturleg at slaktevekter varierer noko mellom år grunna skilnader i vær og vekstforhold. Over tid vil utvikling av slaktevekter likevel gi ein indikasjon på kva retning hjortebestanden er på veg. Det er ønskjeleg att dei største dyra vert gåande att i skogen, og at ein har tar ut små individ.

På Bømlo er spesielt slaktevektene på bukk bekymrande, sidan 2007 har vektene gått ned med 14 kg, dette er svært mykje om ein samanliknar med snittvekta for Hordaland. Om dette skuldast at fokuset har vore på å ta ut små og skrøpelege dyr kan dette vere positivt for hjortestammen då dei største dyra får gå att. Det vert rapportert frå jegerar om att dette nokk ikkje er tilfelle på Bømlo, ein bør difor rette fokus mot å la store bukkar få gå i fred utan å bli skotne. Ei slik lav slaktevekt som det er på Bømlo kan tyde på at det er låg snittalder blant hjortebukkane. Låg snittalder på bukkane fører til dårlegare og seinare brunst hjå kollene, som gir seinare kalving. Sein kalving fører til att kalvane får kortare tid på å vekse fram til vinteren og fører slik til lågare vektor på kalvar og ungdyr, det går lang tid før desse dyra når optimal størrelse, dersom dei i det heile klarer det. Store vaksne bukkar er difor viktig for å ha ein sunn hjortebestand på Bømlo. Ei positiv bi-effekt av å ha store bukkar ei område er at andre hjortar vert trekt mot dette området, spesielt i brunstperioden på hausten.

Slaktevektene på vaksne koller auka med om lag 5 kilo frå 2012 til 2013, dette er ein ganske betydeleg endring på berre eit år. Dette tyder og på at det er teke ut mykje vaksne produserande koller i 2013. Innkomne rapportar viser at ein del koller over 60 kg er skotne tidleg i jakta utan at det samtidig er skote kalv. Dette er svært uheldig! Nye jakttider med tidlegare jaktstart aukar sjansane for at koller legg at kalvane sine i skogen når dei beitar, spesielt når kollene skal på innmarksbeite. Tidlegare jaktstart set difor enda sterkare krav til jegeren sine vurderingar før det vert løyst skot mot koller utan kalv. Ein kalv som går utan mor fyrste hausten og vinteren har svert reduserte sjansar for å overleve, og om den overlever har den tapt mykje tilvekst som den seint vil ta att. Det er difor veldig viktig at jegerar vurderer nøye situasjonen før det vert løyst skot mot kolle som går utan kalv.

Mål for hjorteforvaltning på Bømlo

Det har dei siste 10 åra vore eit rekordhøgt uttak av hjort på Bømlo, over 130 hjort har vore skote kvart år sidan 2007. Dei seinare åra har det vore få eller ingen søknadar om skadefelling på hjort som følgje av beiteskade, dette er eit teikn på at forvaltninga av hjort på Bømlo har gitt eit godt uttak av hjort i dei områda hjorten gjer skade.

Gjennom samarbeid i bestandsplanområde kan grunneigarar over større område samkøyre forvaltning av hjorten som ressurs. I eit bestandsplanområde kan alle jaktfelt jakte hjå kvarandre om det er semje om dette mellom grunneigarane. På denne måten kan ein sikre eit høgt uttak av hjort i viktige landbruksområde slik att det vert mindre skader på til dømes innmark og dermed senke konfliktnivået rundt hjorten. Det er og mulegheit for eit lågare uttak i meir marginale område og ein kan lage jaktfrie områder der hjorten er fri for forstyrring frå jakt.

I takt med auka avskyting av hjort har talet på søknadar om skadefelling på hjort og ikkje minst talet på trafikkpåkøyrslar gått ned på Bømlo. Dette er eit teikn på at ein har eit høgt uttak av hjort og held bestanden på eit godt nivå i forhold til skader og skadepåverknad. Hjorten på Bømlo vert jakta på frå september til desember og er slik «pressa» gjennom store delar av hausten, det er likevel ikkje fare for at hjorten er i ferd med å forsvinne frå naturen på Bømlo. Det er vanskeleg å setje eit nøyaktig tal på kva årleg avskyting av hjort bør ligge på, det er vanskeleg å forutsjå utviklinga av bestandar hjå viltlevande dyr. Uforutsette ting kan skje. Utifrå historikk og bestandsutvikling bør ein likevel ha som mål å halde bestanden av hjort om lag som i dag. Vert årleg avskyting lågare en 115 dyr eller høgare en 145 dyr må ein vurdere tiltak.

Slaktevektene på vaksne bukkar tyder på at snittalderen på hjortebukkar på Bømlo er låg. Ein må ha som mål og auke alder og snittvekta på bukk på Bømlo. Eit godt hjelpemiddel til å overvake aldersutviklinga på hjort på Bømlo kan vere innsamling av kjevar og analyse av alder utifrå desse.

Det er teikn om tyder på ein mindre hjortebestand på Bømlo og omegn, samt eit auka uttak av hjort på naboøyane. Ein kan difor oppleve redusert tilstrøyming av hjort på vandring til Bømlo i åra framover. Forvaltninga av hjorten i tilgrensande kommunar bør difor takast med i vurderinga når ein skal tildele fellingsløyver i åra framover. I ein minkande hjortebestand bør ein vere varsame med uttak av produserande hodyr. Uttak av hjort bør rettas mot ungdyr.

Forvaltninga på Bømlo bør i åra framover ha desse måla for hjortebestanden:

- Få fleire og store bestandsplanområder
- Auke snittalderen og vekta på hjorten, spesielt bukk
- Halde bestanden om lag på dagens nivå, med eit årleg uttak mellom 115 og 145 hjort

Bibliografi

- Hjorteviltportalen. (2014, 03 27). *Hjorteviltportalen*. Henta 03 27, 2014 frå www.hjortevilt.no:
http://hjortevilt.no/hjorteviltforvaltning/kommunale-mal-for-forvaltning-av-hjortevilt/#.UzPPr_I5OPY
- Hjorteviltregisteret. (2014, 03 27). *Hjorteviltregisteret*. Henta 03 27, 2014 frå www.hjorteviltregisteret.no:
<http://hjorteviltregisteret.no/Hjort/Jaktstatistikk/TildelteOgFelteDyr>
- Meisingset, E. L. (2003). *Hjort og hjortejakti Norge*. Tingvoll: Naturforlaget.
- Norsk institutt for skog og landskap. (2013). *Skog og landskap*. Henta 03 27, 2014 frå www.skohohlandskap.no:
<http://maple.skoglandskap.c.bitbit.net:19477/portal/seksjoner/arealressursstatistikk>
- Skjærli, O. J. (2012). *Hjortens preferanser på innmark i Midt-norge*. Ås: Univeristet for miljø og biovitenskap.
- Statens landbruksforvaltning. (2014, 2 28). *SLF*. Henta 2 28, 2014 frå www.slf.dep.no:
<http://32.247.61.17/skf/pt900/1310/1310F12f.htm>
- Statens Landbruksforvaltning. (2014, 02 28). *SLF*. Henta 02 28, 2014 frå www.slf.dep.no:
<http://32.247.61.17/skf/prodrapp.htm>
- Statens landbruksforvaltning. (2014, 03 10). *www.slf.dep.no*. Henta 03 10, 2014 frå <http://32.247.61.17/skf/prodrapp.htm>